

## **Referat frå felles soknerådsmøte for Nome onsdag 12.06.24 på Solhaug.**

**Den fyrste delen av møtet var felles for begge sokn i Nome kommune.**

Den siste delen hadde sokna møte kvar for seg.

**Til stades frå Lunde og Flåbygd sokn:** Stian Holte, Katrine Burmester, Nils Steinar Stavsholt, Carina Syvertsen Pedersen, Gunhild Sofie Halsvik Rønningen (deler av møtet), Jostein Vetland (deler av møtet) Hilde Roksund og sokneprest Ragnhild Halden.

**Meldt fråvær:** Marie H. Nordli.

**Til stades frå Holla og Helgen menighetsråd:** Stian Refsdal, Helge Skippervold, Liv Mari Bjerva Bøstein, Bjørn Werner Nilsen, Jan Atle Steen Skarstein, Thomas Lyngstad og sogneprest Anne Berit Sunde.

### **Sak 53/24: Framtidig felles misjonsprosjekt?**

- Lunde og Flåbygd sokn har forplikta seg til misjonsprosjekt i Estland ut 2026. Holla og Helgen kan tenke seg eit samarbeid på sikt – felles mål. Lunde og Flåbygd støttar det. Det kom opp spørsmål om prosjekt som menigheten velger å støtte må være eit misjonsprosjekt? For bispedømmerrådet handlar det om det, men menigheten står for så vidt fritt til å velge prosjekt. Må skille mellom misjonsprosjekt og bistandsprosjekt. På sikt bør det kanskje setjast ned ein komitè som kan jobbe målretta og skape engasjement for prosjekt som menigheten velger å støtte. Anne Berit Sunde informerte i den forbindelse om at Birgitte Ørnes, som er NMS sin kontaktperson for Telemark, kjem til Holla og Helgen menighet 24.04.25 for årleg misjonssamling.

### **Sak 54/24: Innspel frå Solum om felles menighetstur til Estland for alle menigheter i Telemark som støttar misjonsprosjekt i Estland. Kanskje i 2025.**

- Er det interesse for det? Begge sokneråda er positive og støttar initiativet.

### **Sak 55/24: Kva får dei ulike menighetene til? Læringsmuligheter? Er det aktiviteter som skal promottes meir hos kvarandre?**

#### **Holla og Helgen:**

- Kvardagsgudstjeneste kalt sinnsrogudstjeneste er noko som fungerer veldig godt. Stort sett lokale krefter som bidrar. Ser også at det kjem folk som ikkje høyrer til menigheten. Bygger arbeidsfellesskap og gir energi.
- Diakoni: Folk i menigheten praktiserer diakoni i det stille bla. for flyktingar, unge, gamle og sjuke. Diakoni betyr myke for menigheten.
- Nyttårsfest på Fredheim: Mange frå andre nasjonar deltek, fin opplevelse og det ynskjer dei å fortsetja med.
- Fellesskapskveldar på Fredheim.
- Konfirmantarbeid: Konfirmantane deltek med ulike oppgåver i gudstjenesten.

**Lunde og Flåbygd:**

- Familiesamlingar på Solhaug som har vore godt besøkt og samlar fleire generasjonar.
- Minigospel, supertorsdag og Ragnhild sitt gode samarbeid med barnehagane og skulen med jul og påskevandring, samt skulegudstjeneste er viktig å trekke fram.
- Menighetens kor Koriander opplever god rekruttering. Dei har flotte konsertar som samlar full kyrkje.
- Aktivitetsdag på Solhaug var vellykka, planlegger aktivitetsdag også i år.
- Jevnlege konsertar/allsangkveldar på Solhaug som trekker andre som normalt ikkje har tilhørighet der.
- Fidus – ungdomsklubb som tidvis er godt besøkt.

Holla og Helgen har ynskje om at nokon frå Lunde og Flåbygd kan stille som sjåførar ved felles gudstjenester, og ta med seg beboere ved mottaket som ynskjer å koma til gudstjeneste.

Dei gir også tips om å invitere organist Bruno Hagemann til Solhaug. Han har holdt foredrag og spela musikk på Fredheim, og dette vil dei anbefale.

**Sak 56/24: Informasjonssak:**

- Redusert prestestilling for Lunde og Flåbygd. Dette fører til kutt i Ragnhild si stilling med 25%. Det skal skje i ein glidende overgang, men vil ramme andaktene ved sjukeheimen. Gudstjenestene vil reduserast med 4 i året i Lunde. Stillinga til Ragnhild vil i større grad styrast mot «Ønsket og elsket» og muligens gravferdsgudstjenester på Notodden.

**Sak 57/24: Eventuelt:**

- Ingen saker.

## **Referat frå soknerådsmøte for Lunde og Flåbygd sokn 12.06.24 på Solhaug.**

**Til stades:** Stian Holte, Katrine Burmester, Carina Syvertsen Pedersen, Nils Steinar Stavsholt, Gunhild Sofie Halsvik Rønningen, Hilde Roksund, sokneprest Ragnhild Halden.

**Vara.:** Jostein Vetland.

**Meldt forfall:** Marie H. Nordli.

### **Sak 58/24: Godkjenning av innkalling.**

**Vedtak:** Innkallinga vart godkjent.

### **Sak 59/24: Godkjenning av referat frå forrige møte:**

**Vedtak:** Referat frå møte 15.05.24 vart godkjent.

### **Sak 60/24: Informasjonssaker:**

- Dugnad på Solhaug 18.06.24. Nils Steinar er ansvarlig for å sette opp ein oversikt over kven som skal bidra og kva for arbeidsoppgaver som skal utførast.
- Innspel frå Rune Lia om å starte opp speideraktivitet på Tyri bedehus. Det er behov for 3 dedikerte faste personer som bidrar i arbeidet. Det er ikkje tenkt at dette må være personer fra soknerådet. Soknerådet er positive til initiativet, men ynskjer å ha ein dialog med Rune Lia slik at dette ikkje konkurrerer med eksisterande aktiviteter i menigheten som for eksempel supertorsdag.
- Fellesrådet: befarings- satt av penger til Landsmarka kapell.

### **Sak 61/24: Evaluering av nasjonalfesten:**

- Det har vore positive tilbakemeldingar på å trekke gudstjenesten inn i 17 mai festen på Solhaug. Det har ikkje kome nokon negative tilbakemeldingar.

**Vedtak:** Spørsmålet om denne formen skal fortsetja til neste år tas opp i eit soknerådsmøte til hausten.

### **Sak 62/24: Trosopplæringskomitè.**

- Det er foreløpig ingen som har sagt seg villig til å sitte i komiteen.

**Vedtak:** Delar av soknerådet saman med Ragnhild og Dorota arrangerar eit foreldremøte knytta til verving av personar til trosopplæringskomiteen. Carina og Katrine lagar eit utkast til kva for oppgaver det inneber å være i ein trosopplæringskomitè. Dei sender utkastet til Stian og Ragnhild.

**Sak 63/24: Brev til prosten ang. nedskjæring på prestestilling:**

- Stian orienterte om at AU har laga eit skriv, men ikkje sendt det. Skrivet er tenkt som eit innspel til nedskjæringa. Staben har sendt eige brev.

**Vedtak:** Brevet blir sendt med nokon få justeringar.

**Sak 64/24: Delegeringsreglement.**

**Vedtak:** Saka utsetjast til neste møte.

**Sak 65 /24: Eventuellt:**

- Katrine informerer om at det er slusemarked 25.08.24, og spør om soknerådet bør være der og markedsføre oss? Dette blei det ikkje konkludert i forhold til.

**Neste møte:** Onsdag 28.08.24, kl. 17-19 på Solhaug.

Referent: Hilde Roksund